



Direktoratet for
forvaltning og IKT

Rammeavtalen

Rammeavtale om kjøp av varer og tenester innan
IKT og konsulenttenester

Statens standardavtale SSA-R

Rammeavtale om kjøp av varer og tenester innan IKT og konsulenttenester

Avtale om
[namn på anskaffinga]

er inngått mellom:

[Skriv her]

(heretter kalla Leverandøren)

og

[Skriv her]

(heretter kalla Kunden)

Stad og dato:

[Skriv stad og dato her]

Ikraftsettingstidspunkt: [Skriv her]

[Namnet på Kunden her]

[Namnet på Leverandøren her]

Underskrifta til Kunden

Underskrifta til Leverandøren

Avtalen skal underteiknast i to eksemplar, eitt til kvar part.

Førespurnader

Med mindre anna går fram av vedlegg 4, skal alle førespurnader som gjeld denne avtalen, rettast til:

Hos Kunden

Namn:

Stilling:

Telefon:

E-post:

Hos Leverandøren

Namn:

Stilling:

Telefon:

E-post:

Innhold

| | |
|--|----------|
| 1. ALMINNELEGE VILKÅR..... | 4 |
| 1.1 FØREMÅL OG OMFANG..... | 4 |
| 1.2 VEDLEGG TIL AVTALEN..... | 4 |
| 1.3 VARIGHEIT OG OPPSEIING – OPSJON PÅ FORLENGING..... | 4 |
| 1.4 PARTANE SINE REPRESENTANTAR..... | 5 |
| 2. TILDELING AV KONTRAKT INNANFOR RAMMEAFTALEN..... | 5 |
| 2.1 TILDELING AV KONTRAKTAR (PROSEDYRE FOR AVROP) | 5 |
| 2.2 AVTALEVILKÅR FOR DEI ENKELTE TILDELTE KONTRAKTANE | 5 |
| 3. LEVERANDØREN SINE PLIKTER..... | 5 |
| 3.1 PLIKT TIL Å SVARE PÅ FØRESPURNADER | 5 |
| 3.2 TILBODSPLIKT | 5 |
| 4. KUNDEN SINE PLIKTER..... | 5 |
| 4.1 KUNDEN SITT ANSVAR OG MEDVERKNAD | 5 |
| 5. PLIKTER SOM GJELD KUNDE OG LEVERANDØR..... | 6 |
| 5.1 SAMARBEID..... | 6 |
| 5.2 TEIEPLIKT..... | 6 |
| 6. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR | 6 |
| 6.1 PRISAR | 6 |
| 6.2 PRISENDRING..... | 6 |
| 7. MISLEGHOLD | 8 |
| 7.1 MISLEGHOLD AV RAMMEAFTALEN..... | 8 |
| 7.2 MISLEGHOLD AV TILDELTE KONTRAKTAR..... | 8 |
| 8. TVISTAR | 8 |
| 8.1 RETTSVAL | 8 |
| 8.2 FORHANDLINGAR | 8 |
| 8.3 MEKLING..... | 8 |
| 8.4 DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING..... | 8 |

1. ALMINNELEGE VILKÅR

1.1 FØREMÅL OG OMFANG

Denne avtalen er ein rammeavtale mellom Kunden og Leverandøren om leveranse av varer og/eller tenester som er skildra i vedlegg 1 og i tildelingskontraktane (vedlegg 3).

Rammeavtalen gir Kunden, og dei oppdragsgivarane som er lista i vedlegg 1, rett til å kjøpe varer eller tenester som er dekte av denne rammeavtalet innanfor omfanget og varigheita av rammeavtalet. Kunden og andre oppdragsgivarar er ikkje forplikta til å kjøpe noka bestemt mengd varer eller tenester i rammeavtaleperioden.

1.2 VEDLEGG TIL AVTALEN

| Alle rubrikkar skal vere kryssa av (ja eller nei) | Ja | Nei |
|---|----|-----|
| Vedlegg 1: Overordna skildring av dei ytingane rammeavtalet gjeld, og oversikt over dei oppdragsgivarar som kan tildele kontraktar under rammeavtalet | | |
| Vedlegg 2: Prosedyrar for tildeling av kontraktar innanfor rammeavtalet | | |
| Vedlegg 3: Avtalevilkår for kontraktar som kan tildelast innanfor rammeavtalet med utfylte vedlegg | | |
| Vedlegg 4: Administrative reglar | | |
| Vedlegg 5: Pris og prisreglar | | |
| Andre vedlegg: | | |
| | | |

1.3 VARIGHEIT OG OPPSEIING – OPSJON PÅ FORLENGING

Med mindre anna går fram av vedlegg 4, gjeld rammeavtalet frå det tidspunktet som er oppgitt på framsida av avtalet (ikraftsetjingstidspunkt) og i 2 (to) år. Kunden har rett til å forlenge rammeavtalet med ytterlegare eitt år om gongen inntil **2** gonger.

Varsel om forlenging skal givast skriftleg seinast 3 (tre) månader før rammeavtalet går ut.

Kunden kan seie opp rammeavtalet med 3 (tre) månaders skriftleg varsel, dersom det ligg føre sakleg grunn. Oppseienda påverkar ikkje alt tildelte kontraktar (avrop).

Andre fristar kan avtalast i vedlegg 4.

1.4 PARTANE SINE REPRESENTANTAR

Kvar av partane skal ved inngåinga av rammeavtalen nemne opp ein representant som er gitt fullmakt til å opptre på vegner av partane i saker som gjeld rammeavtalen. Representant som har fått fullmakt for partane, og prosedyrar og varslingsfristar for eventuell utskifting av desse, skal spesifiserast nærmare i vedlegg 4.

2. TILDELING AV KONTRAKT INNANFOR RAMMEAFTALEN

2.1 TILDELING AV KONTRAKTAR (PROSEODYRE FOR AVROP)

Tildeling av kontraktar innanfor rammeavtalen vert gjort i samsvar med prosedyrane fastsette i vedlegg 2.

2.2 AVTALEVILKÅR FOR DEI ENKELTE TILDELTE KONTRAKTANE

Den enkelte tildelte kontrakten skal baserast på avtalevilkåra som er spesifiserte i vedlegg 3. Dersom det er gjennomført minikonkurransen, supplerer ein vilkåra med resultata frå minikonkurransen.

3. LEVERANDØREN SINE PLIKTER

3.1 PLIKT TIL Å SVARE PÅ FØRESPURNADER

Leverandøren pliktar å svare på Kunden sine førespurnader så raskt som mogleg. Konkrete fristar kan vere avtalte i vedlegg 4.

3.2 TILBODSPLIKT

Dersom rammeavtalen er tildelt berre éin leverandør, eller tildeling skjer etter fastsett rangering ved parallelle rammeavtalar, pliktar Leverandøren å levere i samsvar med Kunden sine tildelingar innanfor rammeavtalen.

Dersom Kunden har inngått parallelle rammeavtalar med fleire leverandørar, og det skal gjennomførast minikonkurransen mellom leverandørane i samband med den enkelte tildelinga, pliktar Leverandøren å gi tilbod i minikonkurransen i den utstrekning det går fram av vedlegg 2.

4. KUNDEN SINE PLIKTER

4.1 KUNDEN SITT ANSVAR OG MEDVERKNAD

Kunden skal bidra til å legge forholda til rette for at Leverandøren skal få utført pliktene sine etter denne avtalen og tilhøyrande tildelingskontraktar.

5. PLIKTER SOM GJELD KUNDE OG LEVERANDØR

5.1 SAMARBEID

Oppdragsgivar skal lojalt samarbeide og medverke til gjennomføring av rammeavtalen. Førespurnader fra den andre parten skal svarast på utan ugrunna opphold.

Partane skal uten ugrunna opphold varsle kvarandre om forhold dei forstår eller bør forstå kan verke inn på gjennomføringa av rammeavtalen.

Eventuelle andre reglar om samarbeid mellom partane skal spesifiserast i vedlegg 4.

5.2 TEIEPLIKT

Informasjon som partane vert kjende med i samband med rammeavtalen og gjennomføringa av rammeavtalen, med avrop, skal behandles konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Teieplikta gjeld også etter at rammeavtalen er opphøyd. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane, skal påleggast teieplikt også etter fråtredinga om forhold som nemnt ovanfor. Teieplikta fell bort fem (5) år etter at rammeavtalen er avslutta, med mindre anna følger av lov eller forskrift.

Teieplikt er elles regulert i den enkelte tildelingsavtalen og i relevant lov eller forskrift.

6. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR

6.1 PRISAR

Alle prisar og nærmare betalingsvilkår går fram av vedlegg 5 eller av den enkelte tildelingskontrakten med vedlegg. Med mindre anna er uttrykkeleg oppgitt i prisvedlegget til den enkelte kontrakten, er alle prisar oppgitt eksklusive meirverdiavgift, men inkludert toll og eventuelle andre avgifter. Alle prisar er i norske kroner.

6.2 PRISENDRING

Prisen kan endrast kvart årsskifte tilsvarende auken i konsumprisindeksen (hovudindeksen) ved Statistisk sentralbyrå, med utgangspunkt i indeksen for den månaden avtalen vart inngått. Annan indeks kan avtalast i vedlegg 5.

Prisane kan endrast i den utstrekning reglar eller vedtak for offentlege avgifter vert endra med verknad for prisane eller kostnadene til Leverandøren.

Elles er prisane faste i avtaleperioden og kan berre endrast i den utstrekning det går fram av vedlegg 5.

7. MISLEGHOLD

7.1 MISLEGHOLD AV RAMMEAFTALEN

Eventuelt misleghold av rammeavtalen vert handtert i samsvar med alminnelege kontraktsrettslege prinsipp.

Erstatning for indirekte tap kan ikke krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikke avgrensa til, tapt forteneste av alle artar, tapte innsparinger, tap av data og krav frå tredjepartar.

7.2 MISLEGHOLD AV TILDELTE KONTRAKTAR

Misleghold og sanksjonar knytte til den enkelte tildelinga er regulert i den enkelte tildelingskontrakten.

8. TVISTAR

8.1 RETTSVAL

Partane sine rettar og plikter etter denne rammeavtalen vert i heilskap fastsette av norsk rett.

8.2 FORHANDLINGAR

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av rammeavtalen, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar.

8.3 MEKLING

Dersom ein tvist i tilknyting til denne rammeavtalen ikke vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å legge Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærmere framgangsmåten for mekling vert fastsett av meklaren, i samråd med partane.

8.4 DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING

Dersom ein tvist ikke vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Kunden sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved skilsdom.
